




Lokalt julehefte frå Pileteigen på Lyngstrand. Utgjevar er Jorunn og Roald Toskedal.

Kvart år i jula ligg det ei gild julehelsing i postboksen i Beinavikjo. Avsendar er Jorunn og Roald Toskedal frå Pileteigen på Lyngstrand. Julehefte 2019 med målgruppe slekt, vener og kjenningar har eit opplag på 50 eks. og er truleg det mest lokale julehefte vi kjenner til. På heile 28 sider finn vi mellom anna juleforteljingar, vitsar, juleminne, segner, konkurransar, dikt og mange flotte illustrasjonar. Tema i år er Juleklokker frå mange land. Ofte finn vi eit dikt av Olaf A. Gausvik. I 2019 er det diktet Dei gamle morelltrea på Rød.

Dei fyrste norske julehefta kom ut i Drammen i 1817. Mange år seinare, 1845, kom det fyrste julehefte for born med tittelen Julegave for barnlige sind. Gullalderen for julehefta var i tida etter 1900 talet. Mest kjend er Jul i Norge, Jul og det nynorske Juletre. I åra før og etter krigen kom dei fyrste reine teikneseriejulehefta, Knoll og Tott, Smørbukk og Vangsgutane.

Herborg Kråkevik har skapt ein ny trend med sitt hefte Juleroser. Opplaget er på 100 000 eks. Pundus er det julehefte som sel mest med heile 170 000 eks. Med dette som bakgrunn er det artig å ta med at Julehefte frå Pileteigen har eit opplag på 50 eks.



Framsida til to sentrale julehefte i år: Juleroser med Herborg Kråkevik som redaktør og det litterære julehefte Juletre.

Jorunn Toskedal fortel til uskedalen.no at det heile tok til for 15 år sidan. Det var meiningslaust å kjøpa gåver ingen hadde bruk for. Alle hadde alt og meir til. Då var det betre å laga og senda eit julehefta til alle i familien, til kollegaer og vener. Mottakaren set pris på denne julehelsinga og mange melder tilbake at hefte vert brukt i juleselskap og på julefestar.

Jorunn og Roald samlar stoff heile tida. Ut på hausten tek sjølve produksjonen til med redigering og utforming av hefte. Den fyrste åra gjorde dei alt sjølve med kopiering og hefting. No er det meir profesjonelt med topp papir- og biletkvalitet.

Det kostar noko, men det gjer alle hobbyar, seier Jorunn Toskedal.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal